

# Kommuneplanen – arealdel 2018-2030

## Konsekvensutgreiingar (KU)

### 02. Fykse

Tilråding	Felt-namn	Felt-tekst	Område (stikkord)	Merknad
Tilrådd	AK19	Akvakultur	Vardaneset-I-Tare	
Tilrådd	H14	Hamn	Steinstø-Molo	
Tilrådd	N55	Næring	Steinstø - ved Akvasenteret	
Delvis tilrådd	B114/B115	Bustad	Steinstø - sentrum	
Delvis tilrådd	B114/B115	Bustad	Steinstø – rundt sentrum	
Delvis tilrådd	SBU15	Spreidd bustad	Bjørke	
Delvis tilrådd	SN17	Spreidd næring	Steinstø – sentrum – nedsida av vegen	
Ikkje tilrådd		Akvakultur	Vardaneset-II-Tare	

## Rettleiing - konsekvensutgreiing med ROS-analyse - (KU).

Det er kome inn mange innspel til ny kommuneplan.

- Innspel som ikkje har vore ein del av kommuneplanen sine utvalde tema eller som openbart er i strid med sine arealstrategiar har vorte forkasta.
- Innspel som openbart er i samsvar med arealstrategiane er konsekvensutgreidd.

I konsekvensutgreiinga er innspelet vurdert opp i mot naturverdiar/biologisk mangfald, jord- og skogressursar, kulturminne/fornminne, landskap/grønstruktur/kulturlandskap, friluftsliv og funksjonell strandsone.

Kvart av tema er verdivurdert, anten som ingen verdi, liten verdi (L), middels verdi (M) eller stor verdi (S). Innafor kvart tema vert konsekvensen vurdert i høve til den føreslåtte arealbruken. Store negative (-3), middels negative (-2), ingen (0), små positive (+1), middels positive (+2) eller store positive (+3).

Områdenavn: <b>B 13</b>	Bustad Strandebarm	Gnr/bnr:	121/4
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015154&amp;dokid=431676&amp;version=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015154&amp;dokid=431676&amp;version=1&amp;variant=P&amp;</a>		
Noverande planstatus:	Landbruk-, natur- og friluftsområde der landbruk er dominante. LNF-I.		
Områdeskildring:	Området ligg i mellom sportstallet og idrettsparken på Tangerås. Området er fulldyrka mark, og utgjer 8 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Bustad.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Tilrådd</b>		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

Tema	Kommentar	Konsekvensutgreiing	
		Verdi	Konse- kvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registrerte verdiar i naturbase.no Ei registrering i artsdatabanken.no. Gjeld stakekarar registrert i frå 1921. Livskraftig.	L -1
	Jord- og skogressursar	Fulldyrka. Ein del av eit større jordbruksområde	S -3
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminner på dette arealet. Vedtaksfreda bygg i nærområdet. Nokre SEFRAK bygg i nærområdet.	L -1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp og opne fjordmunningar. Fulldyrka jord.	S -2
	Friluftsliv	Ikke registreringar som viser at dette er eit nytta rekreasjon og friluftsområde.	L
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen	- -

## Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).

Å gjennomføra ein ROS-analyse vil sei å kartleggja uynskte hendingar, dvs hendingar som inneber fare for menneske, miljø, materielle verdiar og samfunnsviktige funksjonar.


Plan- og bygningslova krev at det vert gjort ei sæskilt vurdering av verknader for miljø- og samfunn, når det vert utarbeidd planar som set rammer for framtidig utbygging. Vidare krav plan- og bygningslova at det vert utarbeidd ein risiko- og sårbarheitsanalyse. Målet med analysen er å etablera ei systematisk tilnærming til mogleg framtidig fare og uynskte hendingar, slik at nødvendig risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til. Dersom ein gjennom arbeidet med KU og ROS oppdagar at det er risiko for skade på menneske eller miljø, eller at planen har negative konsekvensar, må kommunen synleggjera kva som skal til for at planen kan gjennomførast. Det er ikkje mogleg å fjerna all risiko, men det er viktig at kommunen og andre klarer å identifisera risiko og ha eit medvete forhold til korleis me best mogleg kan førebyggja.

Risiko vert definert som ein funksjon av sannsyn og konsekvens, i høve til «liv og helse», «miljø» og «økonomiske verdiar/produksionstap».

Vurdering, inndeling	Skala
Særs sannsynleg	S6
Mykje sannsynleg	S5
Sannsynleg	S4
Noko sannsynleg	S3
Lite sannsynleg	S2
Usannsynleg	S1

Konsekvens	Skala
Ubetydeleg konsekvens	K1
Liten konsekvens	K2
Ein viss fare	K3
Alvorleg konsekvens	K4
Kritisk konsekvens	K5
Katastrofal konsekvens	K6

## Økonomiske verdier/produksjonstap



## Det er skjema for:

- Liv og helse (L&H)
  - Miljø (M)
  - Økonomiske verdiar/produksjonstap ( $\emptyset/P$ )

## ROS-analyse.

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstemvær» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1  M: S5/K1  Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremvær og klimaendringar	Ingen registreringar, på aktsemndskart.	L&H : S2/K1  M: S2/K1  Ø&P: S2/K1
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder	L&H : S2/K1  M: S2/K1  Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H: S1/K2  M: S1/K1  Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Ligg nær Tangerås med god brannberedskap	L&H : S3/K3  M: S3/K1  Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker.	Etablert og opparbeidt gangtilkomst til skulen, frå p.plass til skulen. Gang- og sykkelveg til barnehage, butikk mm.	L&H : S2/K1  M: S2/K1  Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde.	Bustad i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m.a. lagring, lukt og støy frå gardsdrifta.	L&H : S3/K1  M: S3/K2  Ø&P: S3/K1

## Konklusjon


	Konklusjon frå Rådmannen		
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Området ligg i randsonen i høve til arealstrategien for lokalsenteret i Strandebarm/Tangerås. Ligg om lag 750 m i frå sentrum som er innafor 10 min gangavstand. Ligg i svært kort avstand til skule, friområde og idrettsparken i Strandebarm.</p> <p>Området ligg 50 m i frå skulen i Strandebarm. Ny barnehage er under bygging på Tangerås, i underkant 900 m i frå det føreslårte området.</p> <p>Avstand til nærmeste busstopp, er om lag 200 m.</p> <p>Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, kort veg til skule og idrettsplass, og badeområdet på Tangeråsneset.</p> <p>Roleg område med gode oppvekstvilkår, men også eit område der det vert drive me aktivt jordbruk.</p> <p>Etablering av bustadfelt vil vera i konflikt med jordbruksareal av høg verdi. Det bør finnast alternative løysingar for den matjorda som går tapt ved utbygging.</p> <p>I høve til arealstrategiane for Strandebarm/Tangerås, så er vilkår for lokaliseringa på plass. Området vert difor <u>tilrådd</u> som bustadføremål i kommuneplanen, med krav om at det må finnast gode løysingar for matjorda som vert nedbygd.</p>			


Områdenavn: <b>AK 19</b>	Fykse -Vardaneset-	Gnr./bnr.:
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&amp;journalpostid=2015015544&amp;tab=1">http://innsyn.kvam.no/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&amp;journalpostid=2015015544&amp;tab=1</a>	
Noverande planstatus:	Noverande område for fiske-, ferdsle-, natur og friluftsliv, FFNF-område. Noverande vass-areal for allmenn fleirbruk, og framtidig og overvarende område for akvakultur.	
Områdeskildring:	Området ligg like ved Steinstø. Arealet strekkjer seg i fra austsida av Vardaneset og i retning inn mot Steinstøberget. Til sammen utgjør arealet 120 daa.	
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig område for taredyrking, akvakultur.	
Rådmannen sin konklusjon fra KU og ROS:	<b>Tilrødd</b>	
Kart over innspel:		
Flyfoto over innspel:		

		Konsekvensutgreiing		
	Tema	Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ei registrering i artsdatabanken.no . Gjeld Storskav. Definert som livskraftig. Registreringar på land, gjeld edellauvskog.	L	-1
	Jord- og skogressursar			
	Kulturminne / fornminne	Ingen registreringar innafor området. Kulturminne på land.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar. Liten flik som kjem innafor trange og djupskorne fjordarmar. Stor verdi på dette området.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registreringar. Område med småbåttrafikk.	M	-2
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.		

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremvær» med vind og store nedbørmengder.	Skade på anlegg kan førekomma.	L&H : S5/K1 M: S5/K2 Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum			L&H : M: Ø&P:
Ureining og støy			L&H : S1/K1 M: S1/K1 Ø&P: S1/K1
Radon			L&H : M: Ø&P:
Brann			L&H : S1/K1 M: S1/K1 Ø&P: S1/K1
Ulukker			L&H : S2/K1 M: S2/K1 Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering			L&H : S2/K1 M: S2/K1 Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>For Kvam herad er det viktig at det vert satsa på nye næringar, og fjorden har eit potensiale for akkurat det. I kommuneplanen sin arealdel i frå 2006, er det vist fleire aktuelle område for andre artar enn anadrom fisk. Dette er noko som vil verta vidareført i den nye planen.</p> <p>I kommuneplanen sin arealdel i frå 2006 er det vist både noverande og framtidig område for akvakultur. Det har tidlegare vore dyrka blåskjell på lokaliteten.</p> <p>Rådmannen er positiv til etablering av nye næringar på fjorden, og meiner at oppdrett av tare kan vera ei slik næring. Det er lite med konflikter på staden, slik at det bør vera mogleg å utvida den eksisterande lokaliteten, både i austleg og vestleg retning. Rådmannen tilrår utviding av lokaliteten, jf. kart.</p>			



Områdenavn: <b>H 14</b>	<b>Steinstø</b>	Gnr/bnr:	<b>72/1 m.fl</b>
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015634&amp;dokid=432308&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015634&amp;dokid=432308&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015634&amp;dokid=432309&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015634&amp;dokid=432309&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015634&amp;dokid=432310&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015634&amp;dokid=432310&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015634&amp;dokid=432311&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015634&amp;dokid=432311&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a>		
Noverande planstatus:	Området er delt i mellom fiske, ferdsle, natur og friluftsliv –FFNF-område og Fi-område, dvs område for kastevåg- og låssetjingsplass.		
Områdeskildring:	Området ligg midt i sentrum i Steinstø. I dag er det både kai- og småbåthamn på staden. På land er det flere bygg, definert som einebustadar. I kommuneplanen er området i dag vist landbruk-, natur- og friluftsområde. Området utgjer ca. 0,3 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Ynskjeleg med molo.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Tilrådd</b>		
Kart over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
	Tema	Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar	L	-1
	Jord- og skogressursar	Grunnlendt mark og fjell i dagen på land	L	0
	Kulturminne / formminne	Ingen registreringar i sjøen. SEFRAK-registrerte bygg på land.	L	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Tronge og djupskorne fjordarmar	S	-1
	Friluftsliv	Registrert som viktig båtfartsområde.	M	+1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	L	-1

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1  M: S5/K1  Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Aktsemndskart for jord- og flaumskred (NVE) syner potensiell skredfare. Tilhøvet må kartleggjast nærmere før bygging.	L&H : S3/K3  M: S3/K2  Ø&P: S3/K2
Ureining og støy	Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.		L&H : S2/K1  M: S2/K1  Ø&P: S2/K1
Radon			L&H :  M:  Ø&P:
Brann	Brann som fylgje av lynnedsdag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S2/K2  M: S2/K1  Ø&P: S2/K2
Ulukker	Ulukker på sjøen		L&H : S2/K2  M: S2/K1  Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering	Molo i kulturhistorisk miljø-		L&H : S2/K1  M: S2/K2  Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen		
Relevante samfunnstema		
<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>


Fyksesundet er eit område som er svært godt egna for båt og båttrafikk. Samstundes kan småbåthamner/molo vera ei estetisk utfordring i dette landskapet.

Området som er tenkt nytta til molo ligg midt i Steinstø, der det i dag er både kai og småbåthamn.

Landskapet i Fyksesund, har ein svært stor eigenverdi, som det bør takast omsyn til ved etableringa av småbåthamna/moloen.

Rådmannen **tilrår** at det vert etablert molo i Steinstø.


Framlegg til område i arealdelen (Kart)

<b>Områdenavn:</b> <b>N 55</b>	<b>Steinstø</b>	<b>Gnr/bnr:</b>	<b>71/23</b>
Journalpost innspel:	<a href="#">16/6551 - KOMMUNEPLANEN KVAM AREALDELEN oppdatering</a>		
Noverande planstatus:	Landbruk-, natur og friluftsliv, LNF-område.		
Områdeskildring:	Området ligg i ei brattlendt lid ned i mot Fyksesundet, litt nordvest for Steinstø. Området er delvis kledd med lauvskog og utgjer eit areal på 4,1 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Næring, samt ny veg.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Tilrådd</b>		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no innafor området. Ovanfor Fv-7 er det i naturbase.no registrert viktige naturtypar, edellauvskog. Einskildartar er også registrert ovanfor Fv-7. Ligg i Fyksesundet som i seg sjølv har ein høg eigenverdi.	M	-1
	Jord- og skogressursar	Største delen av området er definert som skog av svært høg bonitet. Eit mindre område ned i mot sjøen som ikkje er definert i høve til jord- eller skogressursar.	S	-2
	Kulturminne / fornminne	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner på området.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Registrert som trange og djupskorne fjordarmar.	S	-1
	Friluftsliv	Registrert som båtutfartsområde.	M	-1
	Funksjonell strandsone	Området på land. Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	L	-1

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg kan førekoma.	L&H : S3/K1 M: S3/K1 Ø&P: S3/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Område på land ligg innafor område for aktsemdeskart for snø- og steinskred, samt aktsemdeskart for jord- og flaumskred. Potensiell fare for ras, som må kartleggjast nærmere i reguleringsplan, evt byggesak.	L&H : S3/K3 M: S3/K2 Ø&P: S3/K3
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H : S2/K1 M: S2/K1 Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ingen kjende høge målinger i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H : S1/K2 M: S1/K1 Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K3 M: S3/K1 Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker.	Ligg like ved Fv-7. Vegen er relativt smal i området.	L&H : S2/K3 M: S2/K1 Ø&P: S2/K2
Uheldig samlokalisering	Uheldig samlokalisering pga estetikk, ureining, naturverdiar og fritid.		L&H : S2/K1 M: S2/K1 Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema			
<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>	
<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>	
<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>	
<p>Arealstrategiane for industri- og næringsareal tek for seg lokalisering av nye næringareal. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum. Plasskevjande næringar skal lokaliserast i utkanten av sentrum og langs med Fv-7 eller Fv-48 og Fv-49. Lokaliseringa samsvarar med arealstrategi nr 17 om at nye næringsareal skal leggjast utanfor sentrum, og då langs med Fv-7, Fv-49 eller Fv-48. Stadbundne næringar kan lokaliserast der dei naturleg høyrer til.</p> <p>Området på land ligg innafor aktsemeldskart for snø- og steinskred, samt jord- og flaumskred.</p> <p>Rådmannen ser det som ei føremon at oppdrettslokaliteten også har egna areal på land, for å håndtera anlegget på ein god og funksjonell måte.</p> <p>Rådmannen <u>tilrår</u> at det vert etablert næringsareal på land i samband med visningslokaliteten på sjøen. Det må gjennomførast grundigare kartlegging av ras og flaum før det kan etablerast bygg mm på land innafor det føreslårte området. Omsynet til landskapet i Fykseundet må takast med ved etablering av bygg mm på staden. Om det er mogleg med veg langs med sjøen, må det takast opp att i reguleringsplan.</p>			




Områdenavn: <b>B114 og 115</b>	Fykse -Steinstø-	Gnr/bnr:	<b>72/1 m.fl</b>
Journalpost innspele:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015848&amp;dokid=432792&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015848&amp;dokid=432792&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015848&amp;dokid=432795&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015848&amp;dokid=432795&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015698&amp;dokid=432465&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015698&amp;dokid=432465&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;</a>		
Noverande planstatus:	For det meste noverande landbruk,- natur og friluftsområde, LNF og LNF-område der landbruk er dominerende, LNF-I område.		
Områdeskildring:	Området ligg midt i Steinstø. I dag er området ei blanding av bustadhus, kai og naust. Området lengst aust er samla i eit tun, med omkringliggjande frukthagar. Samla areal vel 10 daa i det vestlege området. Det austlege området er om lag 8 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Eksisterande bustadområde.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Delvis tilrådd</b>		
Kart over innspele:			

		Konsekvensutgreiing		
	Tema	Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no eller i artsdatabanken.no i det vestlege området. Ei registrering i det austlege området i 1951. Gjeld legesteinfrø som er definert som nær trua.	L	-2
	Jord- og skogressursar	Stort sett bebygd areal. Austleg område har også ein del overflatedyrka jord.	L	-1
	Kulturminne / fornminne	Fleire registrerte SEFRAK- bygg i begge områda.	M	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Tronge og djupskorne fjordarmar.	S	0
	Friluftsliv	Båtutfartsområde	M	0
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	L	0

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1 M: S5/K1 Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ligg innafor område for snø- og steinskred og innafor aktsemndskart for jord- og flaumskred. Austleg område ligg berre innafor jord- og flaumskred.	L&H : S3/K4 M: S3/K3 Ø&P: S3/K3
Ureining og støy	Ligg nær fylkesveg.	Deler av feltet, ligg innafor <b>gul sone</b> , dvs meir enn 55 dB, der støytiltak må vurderast. Det må gjerast tiltak i samband med endringar på bygg.	L&H : S5/K2 M: S5/K1 Ø&P: S5/K2
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2 M: S1/K1 Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K3 M: S3/K1 Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke.	Ligg langs med Fv-7, manglar gang- og sykkelveg.	L&H : S5/K3 M: S5/K1 Ø&P: S5/K2
Uheldig samlokalisering		Ingen spesielle punkt å peika på.	L&H : S2/K1 M: S2/K1 Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen		
Relevante Grunngjevinga		
<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>Grunngjevinga for å ta inn Steinstø som ein del av KU/ROS er gjort fordi det er ynskjeleg å få ein god samanheng i mellom kart og slik det faktisk er i Steinstø i dag. Steinstø er eit tett utbygd område, der det bur folk i tolv av bygga. Det er difor ein «naturleg» overgang i frå LNF- område til bustad. Endringa krev KU/ROS.</p> <p>Fylkesveg 7 går igjennom området, slik at bussen stoppar «midt i området». Det er og kort veg til nærmeste badestrand på Nanes, om lag 700 m</p> <p>Næraste skule og barnehage er Øystese, inneber transport med buss/bil. Manglar gang- og sykkelveg langs fylkesvegen til Øystese. Ved evt. framtidig Håfjellstunnel vil dette endra seg til det positive for Steinstø.</p> <p>Ligg i eit område med gode turmoglegheiter lokalt, merka stiar og tilhøyrande kart.</p> <p>Innspelet i vest <b>vert tilrådd</b> vist som bustadområde i kommuneplanen sin arealdel. For utviding og påbygging av bygg i området, må det likevel gjerast undersøkingar i høve til ras og flaumskred. Støy må også vurderast på dei bygga som ligg innafor 55 dB, langs med Fv-7. Tilrådinga byggjer opp om at det skal vera mogleg med endring av bygg på staden, men og at det må takast omsyn til at det er relativt mange SEFRAK-bygg i Steinstø.</p> <p>Området i aust er i dag eit tun, utan fråskilde tomter. Det naturlege er å oppretthalda landbruk-, natur og friluftsområde, utan at det vert skilt i frå tomter. I dag er bustadhuset nytta til gardsturisme, bygget vert <b>tilrådd</b> som eksisterande spreidd næring.</p>		


Framlegg til område i arealdelen (Kart)

Områdenavn: <b>B 114 og 115</b>	Fykse -Steinstø	Gnr/bnr:	<b>72/1 m.fl</b>
Journalpost innspel:		<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015848&amp;dokid=432792&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015848&amp;dokid=432792&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015848&amp;dokid=432795&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015848&amp;dokid=432795&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015698&amp;dokid=432465&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015698&amp;dokid=432465&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;</a>	
Noverande planstatus:		For det meste noverande landbruk,- natur og friluftsområde, LNF og LNF-område der landbruk er dominerende, LNF-I område.	
Områdeskildring:		Området ligg midt i Steinstø. I dag er området ei blanding av bustadhus, kai og naust. Området lengst aust er samla i eit tun, med omkringliggjande frukthagar. Samla areal vel 10 daa i det vestlege området. Det austlege området er om lag 8 daa.	
Innspel til ny arealbruk:		Eksisterande bustadområde.	
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:		<b>Delvis tilrådd</b>	
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
	Tema	Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no eller i artsdatabanken.no i det vestlege området. Ei registrering i det austlege området i 1951. Gjeld legesteinfrø som er definert som nær trua.	L	-2
	Jord- og skogressursar	Stort sett bebygd areal. Austleg område har også ein del overflatedyrka jord.	L	-1
	Kulturminne / fornminne	Fleire registrerte SEFRAK- bygg i begge områda.	M	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Tronge og djupskorne fjordarmar.	S	0
	Friluftsliv	Båtutfartsområde	M	0
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	L	0

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1 M: S5/K1 Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ligg innafor område for snø- og steinskred og innafor aktsemndskart for jord- og flaumskred. Austleg område ligg berre innafor jord- og flaumskred.	L&H : S3/K4 M: S3/K3 Ø&P: S3/K3
Ureining og støy	Ligg nær fylkesveg.	Deler av feltet, ligg innafor <b>gul sone</b> , dvs meir enn 55 dB, der støytiltak må vurderast. Det må gjerast tiltak i samband med endringar på bygg.	L&H : S5/K2 M: S5/K1 Ø&P: S5/K2
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2 M: S1/K1 Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedsdag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K3 M: S3/K1 Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke.	Ligg langs med Fv-7, manglar gang- og sykkelveg.	L&H : S5/K3 M: S5/K1 Ø&P: S5/K2
Uheldig samlokalisering		Ingen spesielle punkt å peika på.	L&H : S2/K1 M: S2/K1 Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen		
Relevante Grunngjevinga		
<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>Grunngjevinga for å ta inn Steinstø som ein del av KU/ROS er gjort fordi det er ynskjeleg å få ein god samanheng i mellom kart og slik det faktisk er i Steinstø i dag. Steinstø er eit tett utbygd område, der det bur folk i tolv av bygga. Det er difor ein «naturleg» overgang i frå LNF- område til bustad. Endringa krev KU/ROS.</p> <p>Fylkesveg 7 går igjennom området, slik at bussen stoppar «midt i området». Det er og kort veg til nærmeste badestrand på Nanes, om lag 700 m</p> <p>Næraste skule og barnehage er Øystese, inneber transport med buss/bil. Manglar gang- og sykkelveg langs fylkesvegen til Øystese. Ved evt. framtidig Håfjellstunnel vil dette endra seg til det positive for Steinstø.</p> <p>Ligg i eit område med gode turmoglegheiter lokalt, merka stiar og tilhøyrande kart.</p> <p>Innspelet i vest <b>vert tilrådd</b> vist som bustadområde i kommuneplanen sin arealdel. For utviding og påbygging av bygg i området, må det likevel gjerast undersøkingar i høve til ras og flaumskred. Støy må også vurderast på dei bygga som ligg innafor 55 dB, langs med Fv-7. Tilrådinga byggjer opp om at det skal vera mogleg med endring av bygg på staden, men og at det må takast omsyn til at det er relativt mange SEFRAK-bygg i Steinstø.</p> <p>Området i aust er i dag eit tun, utan fråskilde tomter. Det naturlege er å oppretthalda landbruk-, natur og friluftsområde, utan at det vert skilt i frå tomter. I dag er bustadhuset nytta til gardsturisme, bygget vert <b>tilrådd</b> som eksisterande spreidd næring.</p>		

<b>Områdenavn:</b> <b>SBU 15</b>	<b>Fykse</b> - Bjørke-	<b>Gnr./bnr:</b>	<b>70/1, 71/5, 71/44</b>
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&amp;journalpostid=2013015148&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&amp;journalpostid=2013015148&amp;</a>		
Noverande planstatus:	LNF-område		
Områdeskildring:	Innspelet omfattar 3 delområde. Felt 1 og 2 ligg langs kommunal veg, består av knausar og skog. Felt 3 ligg ved tunet på gnr. 70 bnr 1, ca. 400 m frå kommunal veg. Arealet her er dyrka mark og krattskog.		
Framlegg til ny arealbruk:	LNF-område med moglegheit for spreidd bustadbygging		
Konklusjon frå KU og ROS:	<b>Delvis tilrødd</b>		
Kart:			
Flyfoto:			

		Konsekvensutgreiing		
	Tema	Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ligg innanfor beiteområdet til hjort, og ligg delvis innanfor rik edelauvskog. Ingen raudlistearter på arealet.	M	-1
	Jord- og skogressursar	For det meste skog, men tomta lengst vest ligg delvis på overflatedyrka areal.	S	-1
	Kulturminne / formminne	Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner på dette arealet, men fleire funn i nærområdet.	M	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Ligg i ei bratt, vestvendt li. Er del av eit velhalde kulturlandskap på Fykse og Bjørke. Det er dominert av slåttemark og fruktdyrking i aktiv drift og mange gardstun. Innimellan er det skog. Spreidd bustadstruktur langs vegen.	S	-2
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar.	L	0
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen	-	-

## ROS-analyse

Uønska hending	Årsak	Kommentar	Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skader på bygg som følge av vind kan førekome.	L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Området ligg innanfor aktsemdsområdet for stein og snøskred. Potensiell fare for ras, som må kartleggjast nærmere i forkant utbygging.	L&H : S3/K4
			M: S3/K3
			Ø&P: S3/K3
Ureining og støy	Grensar til landbruksområde og kommunal veg	Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ingen kjende målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H : S2/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Mindre god brannberedskap enn i sentrale strok. Tilgang på vatn kan vera utfordrande.	L&H : S3/K3
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke	Smal og svingete veg fram til fylkesveg. Gardsdrift med store maskiner.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K2
Uheldig samlokalisering	Område 3. Bustad i særeige kulturlandskap	Bustadtomta inneber fragmentering av særeige kulturlandskapet	L&H : S2/K1
			M: S3/K2
			Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Kommunal veg går rett forbi område 1 og 2 på Bjørke. For område 3 på Fykse, er det 400 m til kommunal veg. Byggjeområda vil ha trøng for privat brunn og minireinseanlegg.</p> <p>Frå område 1 og 2:</p> <p>ca. 600 m til tidlegare skuleplass på Fykse, kan no nyttast til leik m.m.</p> <p>ca. 1,8 km til fylkesveg og nærmeste busstopp.</p> <p>ca. 4 km til badeplass på Nanes</p> <p>ca. 10 km til Øystese, med skule, butikkar, arbeids.</p> <p>Næraste skule og barnehage er Øystese, inneber transport med buss/bil. Manglar gang- og sykkelveg langs fylkesvegen til Øystese.</p> <p>Ligg i eit område med gode turmoglegheiter lokalt, merka stiar og tilhøyrande kart.</p> <p>Gode mogelegheiter for samlingsplass og leik på tidlegare skuleplass på Fykse.</p> <p>Kafé-lokale på Fykse.</p> <p>Det dyrka arealet ved område 3 er ifølge grunneigar ikkje eigna til landbruksføremål.</p> <p>Innspelet vert <b>delvis tilrådd</b>. Område 1 og 3 på Fykse går ut bort pga. omsyn til eksisterande kulturlandskap. Ei bustadtomt på område 3 vert vurdert som uheldig fragmentering av det særeige kulturlandskapet på Fykse. Nye bustadtomter på Fykse bør i hovudsak liggja i samanheng med eksisterande bustadstruktur, og ikkje som einslege satellittar.</p> <p><b>Tilråd</b> at område 2 på Bjørke vert vist i kommuneplanen som spreidd bustadbygging. Område 2 vert vurdert til å vera i samsvar med kommuneplanen sin arealstrategi nr 15, der det vert lagd opp til at det skal leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad. Område 1 vert utelate i denne omgang, då område 2 vert vurdert til å vera det best egna området. Område 1 har veg på tre sider av den framtidige tomta.</p> <p>Krav om grundigare kartlegging av ras/flaum og kulturminne i forkant av utbygging.</p>			

**Framlegg til område i arealdelen (Kart)**




<b>Områdenavn: SN 17</b>	<b>Fykse -Steinstø-</b>	<b>Gnr./bnr.: 72/1</b>
Journalpost innspel:	<a href="#">Kommuneplan - dok. 13/15698-01</a>	
Noverande planstatus:	Landbruk-, natur og friluftsliv, der friluftsliv er dominerende, LNF-f område.	
Områdeskildring:	Området ligg på Steinstø. Området ligg i mellom fv-7 og sjøen. Innafor området er det både bygningar og grøntområde, samt kulturminne vist i kommuneplanen i frå 2006. Arealet er om lag 13 daa.	
Innspel til ny arealbruk:	Næring.	
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Delvis tilrådd</b>	
Kart over innspel:		
Flyfoto over innspel:		

		Konsekvensutgreiing		
	Tema	Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no. Ei registrering i artsdatabanken.no. Gjelg piggsvin. Livskraftig art.	M	-1
	Jord- og skogressursar	For det meste fulldyrka og oveflatedyrka. Eit lite område med anna jorddekt fastmark.	S	-2
	Kulturminne / formminne	Automatisk freda gravhaug i frå jernalderen. Gjeld to området innafor det føreslårte området.	S	-3
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar.	M	-1
	Friluftsliv	Registrert som viktig båtutfartsområde i sjøen. På land er området vist som eit landbruk-, natur og friluftsområde, med viktige friluftskvalitetar.	S	-3
	Funksjonell strandsone	Ligg innanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	S	-3

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1 M: S5/K1 Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Aktsemdeskart for jord- og flaumskred (NVE) syner potensiell skredfare. Tilhøvet må kartleggjast nærmere før vidare utbygging/regulering	L&H : S3/K4 M: S3/K3 Ø&P: S3/K3
Ureining og støy	Ligg nær fylkesveg.	Deler av feltet, ligg innanfor <b>gul sone</b> , dvs meir enn 55 dB, der støytiltak må vurderast. Det må gjerast tiltak i samband med regulering av området.	L&H : S5/K2 M: S5/K1 Ø&P: S5/K2
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2 M: S1/K1 Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K3 M: S3/K1 Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker.	Ligg langs med Fv-7. Området er bilbasert. Er opparbeidt fortau på delar av området fram i mot kaien på Steinstø.	L&H : S3/K3 M: S3/K1 Ø&P: S3/K2
Uheldig samlokalisering	Gjeld tilhøve til kulturminne	Jf. automatisk freda gravhaug ifrå jernalderen.	L&H : S3/K1 M: S3/K4 Ø&P: S3/K2

Konklusjon frå Rådmannen		
Relevante samfunnstema		
Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Arealstrategiane for industri- og næringsareal tek for seg lokalisering av nye næringsareal. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum. Plasskrevjande næringar skal lokaliserast i utkanten av sentrum og langs med Fv-7 eller Fv- 48 og Fv-49. Lokaliseringa samsvarar med arealstrategi nr 17 om at nye næringsareal skal leggjast utanfor sentrum, og då langs med Fv-7, Fv-49 eller Fv-48. Stadbundne næringar kan lokaliserast der dei naturleg høyrer til.</p> <p>Området ligg langs med Fv- 7 og rådmannen ser på dette som ei stadbunden næring, der mykje av det som vert selv kjem i frå gardstunet og elles i frå nærområdet.</p> <p>Det er likevel mange utfordringar med området, grav haug i frå jernalderen , aktsemeldskart for jord- og flaumskred, samt at området har viktige friluftskvalitetar. Området er også definert til å liggja i den funksjonelle strandsonen. Området er ært mykje nytta, og det har etter kvart vorte lite med plass for vitjande gjester.</p> <p>Skal området utvidast med meir næringsareal, må det gjerast med klare føringar i høve til kvalitetane i området. Kulturminnet må inngå som ein kvalitet i næringsområdet, og strandlinia må takast vare på. Det må også setjast krav til grundigare undersøkingar i høve til jord- og flaumskred. På bakgrunn av desse avbøtande tiltaka, vil rådmannen <b>delvis tilrå</b> ei utviding av arealet, der desse nemnte avklaringane må utdjupast i det vidare arbeidet.</p>		



Områdenavn:	Fykse -Vardaneset-	Gnr/bnr:
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&amp;journalpostid=2015015544&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&amp;journalpostid=2015015544&amp;</a>	
Noverande planstatus:	Noverande område for fiske-, ferdslle-, natur og friluftsliv, FFNF-område. Noverande vannareal for allmenn fleirbruk. Også eit mindre område som er vist som framtidig område i sjø.	
Områdeskildring:	Området ligg like ved Steinstø, det strekkjer seg ifrå sentrum i Steinstø, og mot Vardaneset. Området er i innløpet til Fyksesund. Arealet er på 120 daa.	
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig område for taredyrking, akvakultur.	
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Ikkje tilrådd</b>	
Kart over innspel:		
Flyfoto over innspel:		

		Konsekvensutgreiing		
	Tema	Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar.	L	-1
	Jord- og skogressursar			
	Kulturminne / fornminne	Ingen registreringar innafor området. Kulturminne på land.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar.	M	-1
	Friluftsliv	Registrert som viktig båtutfartsområde i naturbase.no. Gjeld ikkje heile området. Også ein mindre del som er vist som framtidig friluftsområde i sjø. Område på land er landbruk-, natur og friluftsområde på land, der friluftsliv er dominerande.	S	-2
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.		

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremvær» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på anlegg kan førekomma.	L&H : S5/K1 M: S5/K2 Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum			L&H : M: Ø&P:
Ureining og støy			L&H : S1/K1 M: S1/K1 Ø&P: S1/K1
Radon			L&H : M: Ø&P:
Brann	Brann som fylgje av lynnedsdag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S1/K1 M: S1/K1 Ø&P: S1/K1
Ulukker	Ulukker i samband med tilsyn eller anna.		L&H : S2/K1 M: S2/K1 Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering	Uheldig samlokalisering, pga estetikk, ureining, naturverdiar og fritid		L&H : S3/K1 M: S3/K3 Ø&P: S3/K1

Konklusjon frå Rådmannen		
Relevante samfunnstema		
<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>

For Kvam herad er det viktig at det vert satsa på nye næringar, og fjorden har eit potensiale for akkurat det. I kommuneplanen sin arealdel i frå 2006, er det vist fleire aktuelle område for andre artar enn anadrom fisk. Dette er noko som vil verta vidareført i den nye planen.

I området på land og på sjøen er det viktige friluftskvalitetar som ikkje må gå tapt. Nanes er i kommuneplanen vist som Inf-område, der friluftslivet er dominerande. Det vil verta konfliktfyllt om det vert etablert område for taredyrking i sjøen, med dei kvalitetane på land.

Rådmannen er positiv til etablering av nye næringar på fjorden, og meiner at oppdrett av tare kan vera ei slik næring. Området rundt Nanes har mange friluftskvalitetar som bør takast vare på. På bakgrunn av konfliktene med friluftslivet, vil ikkje rådmannen tilrå at det vert etablert oppdrettsområde for taredyrking ved Nanes.